URBANE RYKTER NAUSTDAL

Naustdal kommune har i samband med revisjon av kommuneplanverket i 2008 gjennomført eit mulighets-studium (operasjonell stadanalyse) av kommunesenteret, med støtte frå Fylkeskommunen.

5. september 2007 vart det halde folkemøte i kommune-styresalen vedrørande sentrumsutvikling i Naustdal, der Nordplan introduserte *Urbane rykter*.

Urbane rykter er ein arbeidsmetode som baserer seg på å initiere mulighetsutviklande tiltak i mikropolitisk skala, ved å sette fokus på særeigne, eksisterande og potensielle kvalitetar - styrke og samanbinde desse.

Illustrasjonsintensjonen er å oppnå ein lokal bevissthet, sett både utanfrå og innanfrå. Noko er pågang. Ein treng då eit mål å rette handlingane mot.

Utviklingspotensialet ligg i at små mikropolitiske prosjekt, dugnadsånd, og bevisst stegvis utvikling over tid, gradvis vil gjere bygda tydelegare og synlegare. Stadkarakteren vil bli ytterlegare konsentrert og lesbar, både for ein sjølv og andre.

Dette er styrking og utvikling av Naustdal sin identitet.

Budeia og kyrkja i dialog over fjordlaguna ved Sanden.

Den grøderike elvesletta ytterst langs Nausta.

Utstilling på Kommunehuset

Tilbakemeldingar frå publikum

STADKARAKTEREN

Skala - struktur - landemerker - det grøne

Naustdal ligg på aksen mellom Førde og Florø. Riksveg 5 er både ei viktig åre og barriére langs elva Nausta. Naturområdet Sanden oppstod som følge av Naustdalstunnelen, og har blitt til eit regionalt og lokalt rekreasjonsområde ved Førdefjorden. Dette er eit godt eksempel på god kulturforvaltning av eit naturområde.

Naustdal har i dag ein historisk samanhengande småskala-struktur med landsbypreg. Sentrumskjerna knyt seg til den gamle ferdselsåra som er eit viktig kommunalt kulturinnslag. Funksjonsblanding og fleire sentrumsnære, potensielle areal for vidare utvikling kan gi gode, romslege kår for kommune-senteret si framtidige satsing.

Kyrkja har ein synleg og sentral posisjon i lokalsamfunnet. Historisk, estetisk og orienteringsmessig er kyrkja både eit viktig, vidtfamnande landemerke, og eit utprega identitets-skapande monument. Den klåre, kvite tårnsiluetten er eit viktig kjenneteikn som ein bør verne om. Framtoninga mot dei grøne, austvende åssidene er viktig å halde ved like. Nybygg bør tilpassast skalamessig til kyrkjebygningen. Volum, høgder og materialbruk bør underbygge kyrkjeprofilen. Områder som grensar direkte til kyrkjegarden er spesielt viktige i så måte.

Både gamlebrua og nyebrua er viktige og framtredande infrastrukturelle element, knytte til fossen og elvemunningen, som også er viktige utsynspunkt. Desse kan det med fordel settast fokus på, eksempelvis gjennom lyssetting. Elveløpet mellom dei to bruene er sentrumsdelen av Nausta, og slik eit uvurderleg viktig naturelement. Grønøyra og elvebreddene generelt kan nyttast til å underbygge dette. Ei ny gangbru vil binde kommunesenteret tettare saman.

Kyrkja og Budeia er i ein kulturell dialog. To viktige kultur-produkt virkar saman og dannar ei spenning seg i mellom.

Budeia av Kjartan Slettemark har i det siste sett Sanden-perla ytterlegare på kartet. Skulpturen har fått mykje omtale, og har vore eit heitt samtaletema lokalt, regionalt og nasjonalt. Bygda si idylliske plassering ved fjorden og elva har blitt styrka - noko ein med fordel kan bygge vidare på. Med samtidskunst og nytenking kan Naustdal både styrke og vitalisere seg sjølv, og bygder rundt, på eit nyskapande vis som distrikta treng...

Ved å tydeleggjere staden, styrkar ein den lokale identitetskjensla, og samstundes gjer ein seg synlege og lesbare for tilreisande og forbipasserande i regionen.

Nyebrua som portal - kyrkja sin framtredande posisjon

Kyrkja på elvesletta - det grøne preget

Landsbystrukturen frå kyrkjetårnet

MENTALT KART

Som besøkande i Naustdal legg ein lett merke til dei åpenbare, positive kvalitetane som: Sanden, Budeia, kyrkja, Grønøyra, og fossen ved gamlebrua.

Potensialet i kontakten med elva og fjorden er stort.

Mindre framtredande kvalitetar og opplevingar i kvardagen er gjerne vanskelegare for tilreisande å oppdage like raskt. Desse viktige verdiane må ein registrere og inkludere med hjelp av lokal kunnskap.

Eksisterande infrastruktur i Naustdal innehar eit potensiale som ein kan gjere nytte av. Dette betingar at riksvegen og gamlevegen må bli betre vevd inn i den lokale sentrumsstrukturen, og ikkje forbli støyande framandelement, men heller potensielle tilførselsårer.



Mentalt kart - viktige linjer og punkt

Naustdal sentrum og fossen frå gamlebrua

Naustdal mot fjorden, med kyrkja i sentrum

Naustdal sentrum og Grønøyra mot dalen og fossen

STRATEGI

Ein fruktbar strategi for Naustdal må vere å tydeleggjere og vidareutvikle dei punkta som inngår i det mentale kartet, og binde desse saman i eit nettverk.

Å styrke sitt mentale kart - kva vil bygda vere? Det handlar om å bli synleg og tydeleg, i konkurranse med andre tettstadar. Då er det viktig at dei kvalitetane som fins i bygda blir levandegjort, aktiverte, både for innbyggarane i bygda og tilreisande.

Kommunen kan innanfor ein mikropolitisk strategi truleg gjennomføre, over tid, det meste av dei tiltaka antyda i strategien.

LiNEÆR ATTRAKTOR

Ein gangveg med gangbru kan knyte saman viktige kvalitetar og områder i lokalmiljøet. Eit slikt saman-bindande element vil i seg sjølv kunne bli ein positiv, framtredande attraksjon, ein lineær attraktor som ein stadig kan styrke ved å knyte til nye aktivitetar.

HOTSPOTS

Kultur- og naturverdiar som Sanden, Budeia, kyrkja, Grønøyra, og fossen ved gamlebrua, er gode eksempel på særeigne lokale element. Idrettsanlegga er også viktige punkt. Slike hotspots kan ein styrke ved å knyte dei saman og gjere dei tilgjengelege, samt enkelt vidareutvikle dei kontinuerleg med små tillegg.

INVITASJONSFELT

Krysset ved bensinstasjonen er eit viktig knutepunkt. Vegstrekninga nordover herifrå fram til Gardsbøen (langs riksveg 5 mot Florø), samt strekninga vestover mellom Sanden og parken fram til avkøyrsla for Tunavegen (langs riksveg 611 mot Vevring), kan sjåast på som eit invitasjonsfelt. Dette feltet gir store muligheter for å legge til rette for at forbipasserande lettare kan stoppe. Slik utnyttar ein langt betre infrastrukturens potensial i forhold til eksisterande og framtidig sentrumsutvikling.



Strategibilete

Utsyn frå Jaravegen - elva splittar og samlar landskapet. Det er viktig å gjere elva til eit samlande element.

Naustdal sin fjordfront har fleire spesielt flotte tomter heilt i fjæresteinane: ved riksvegen ved nyebrua, pynten vis-a-vis Budeia, og ute mellom båthamna og kaia. Desse lokalitetane må forvaltast med omhu.

ELVA

Elverommet er veldig viktig i Naustdal. Elva både splittar og samlar. Gjennom å opne opp og gjere elva tilgjengeleg, kan ein samtidig knyte saman og styrke det eksisterande.

MØTEPLASSAR VED ELVA

Ved å kunne vandre langs elva på begge sider gjer ein elva til ein inviterande attraksjon - ein attraksjon for rekreasjon.

Ved å kunne krysse elva gjer ein ho til eit spennande og samlande element, snarare enn ein delande barriére.

Ved å kunne oppleve elva og fossen på nært hald, gjer ein desse viktige kvalitetane til ein endå sterkare del av naustdalsidentiteten.

Urbane rykter - Naustdal

nordplan

POTENSIAL - SÆREIGNE KVALITETAR

...kaia...

...gamlemeieriet...

Vandre langs fjorden...fiske?

...båthamna...

...idrett...

...fleirbruksbygg...

...parken...

Utvide badesesongen?

...Budeia...

...bade, spele, tale...

...marknad...

...festival...

...ly...tak...

...kyrkja...

...næring...

...utsyn over fjorden...

...fleirbruksplass...

Vandre fredleg langs elva...

...laks...

...nyebrua...

...fugl...

...Grønøyra...

Urbane rykter - Naustdal

nordplan

SANDEN

Sanden ligg godt til rette for å kunne nyttast til mange slags offentlege formål: folkefestar, markeringar, festivalar, konsertar o.l. Som Naustdal si storstove.

Urbane rykter - Naustdal

nordplan

FJORDFRONTEN

Lyssetting av viktige element i bygda vil gi eit godt inntrykk i dei mørke delane av året. Eksempelvis bruene, kyrkja og Sandenområdet med Budeia ville vere naturleg å sette fokus på.

Ein fleirbruksplass i nær tilknytning til hovudtrafikkåra, fjorden og Sandenområdet vil kunne fungere som parkeringsavlasting, plass for bubilturistar, areal for plasskrevande arrangement osv. Ei enkel, men grunnleggande behandling vil vere tilstrekkeleg.

Fjordfronten er eit viktig satsingsområde for Naustdal, og med Sandensuksessen har bygda eit kjempeflott grunnlag å bygge vidare på.

Kommunestyreparken er ei kjær, grøn lunge i Naustdal sentrum, som i visse periodar av året blir flittig brukt. Dette arealet har eit stort potensial i den vidare utviklinga av sentrum. Det grøne preget bør vidareutviklast, takast vare på og gradvis oppgraderast.

Urbane rykter - Naustdal

nordplan

MØTEPLASSAR VED FJORDEN

Eit fjordamfi med trapper i møte med sjøen vil gjere framsida av Sanden endå meir attraktivt for brukarane. Dersom ein ønskjer å utvide badesesongen kunne eit noko oppvarma saltvassbasseng vere eit realistisk og godt alternativ.

Å vandre langs fjorden, ut på moloen...kanskje med ei bru som bind saman strandpromenaden med båthamna...og med kaia som mål? Det ville vere ein god idè å knyte saman elvestien med ein fjordsti, og vidare med gang- og sykkelvegen utover.

HANDLINGSROM

Sentrale områder er endå tilgjengelege i Naustdal. Korleis ein legg til rette og nyttar desse areala vil vere avgjerande for i kva grad og på kva måte Naustdal utviklar seg vidare.

Viktige spørsmål:
Kva potensial ligg i gjennomgongstrafikken?
Kva for særeigne verdiar har Naustdal å by på?
Korleis kan ein gjere tilgjengelege og underbygge desse eksisterande og potensielle kvalitetane?

Som overordna utviklingsstrategi:

- **Vidareutvikle viktige punkt, styrke hotspots**
- **Knyte saman og styrke positive kvalitetar med ein lineær attraktor**
- **Opparbeide invitasjonsfelt i tilknytning til viktig infrastruktur**
- **Vidareutvikle og forvalte landsbyskalaen, kyrkja, og andre identitetskapande særtrekk ved bygda**
- **Legge til rette for eit variert innhaldsprogram - fleirbruk og mangfald - kultur i fokus**

Dersom det eksisterande utfordrar det nye...

...og det kommande styrkar det som allereie er...

...vil ein kunne vekke både inspirasjon og tiltakslyst...

...nyskaping i form av kreativt mangfald...

Fokusområde

HANDLINGSFELT

Eksisterande kommuneplan legg opp til utviding av dagens kyrkjegard med ein ny gravlund ned mot riksveg 5. Samstundes er store delar av området mellom Sanden og kyrkja regulert til park, friområde. I arbeidet med den nye kommuneplanen blir det viktig å vurdere begrensingar opp imot muligheter, spesielt for desse to sentrumsområda.

Det er fullt mulig å halde på det opne, grøne preget dersom ein legg gode utbyggingsforutsetningar til grunn for den vidare utviklinga, gjennom hensyn til eksisterande synslinjer, bevegelsesmønster og bygningsskala. Ulike program bør overlappe kvarandre, fleirbruk og mangfald skapar liv.

Sentrumsutviklingsmuligheter og begrensningar - eventuelle handlingsfelt

INVITASJONSFELT

Ein har høve til aktivt å invitere - opne opp bygda - gjere dagens grenser om til fruktbare overgangar. Gjennom å opparbeide ein interessant og inviterande friksjon for forbipasserande i sentrale soner, kan ein på sikt oppnå høgare etterspørsel og positivt motiverte besøkande.

Prinsipp for utvikling av invitasjonsfeltet:

- Henvende seg utad ved å knyte seg til viktig infrastruktur
- Forsterke Sanden-effekten i Naustdal - styrke hotspotar
- Bevare kyrkja sin posisjon i landsbystrukturen
- Halde på det grøne preget i bygda
- Satse på og utvikle fleirbruksprogram
- Prosjekt for tiltrekking av nye aktørar - gjere seg attraktive

Invitasjonsfelt - viktig kontaktflate mot eksisterande infrastruktur

INVITASJON

Sanden, Kommunestyreparken, Nausta og Garsbøen

Gjennom å gjere dagens delande veglinjer til aktive, integrerte soner, kan ein kome potensialet i eksisterande infrastruktur i møte. Kommunestyreparken er romsleg nok til både notidas bruk, og eventuelle framtidige behov for sentrumsnære næringsareal. Ved å tenke seg delar av det grøne parkteppet som eit heva taklandskap med enkel tilkomst, vil ein både kunne nyte fjordutsikt frå parken og samstundes gjere plass til nye og spennande program i tilknyting til dagens bruk. Det heile ville bli ein irrgrøn ny sentrumsdel, med eit endå flottare parklandskap og attrative næringsareal, side om side.

Ein har høve til aktivt å invitere forbipasserande, og samstundes underordne seg særtrekk ved bygda. Ved å knyte seg tettare til RV611 frå begge sider, kan ein gjere vegen meir til ei gate. Ei meir hendelsesrik og intim gate gir ei sterkare kjensle av å vere ein stad.

Grøn krans - Kommunestyreparken delvis utbygd

Grøn krans - Kommunestyreparken heilt utbygd

Gatepreg på RV611 - kyrkja i fokus

SANDEN OG KOMMUNESTYRE-PARKEN

Invitasjon

Dagens bruk av Kommunestyreparken, som eksempelvis Sanden Søndag, festivalaktivitetar og anna fritidsbruk, ville ein kunne integrere også ved ei eventuell utbygging i dette området. Ein ville kunne finne ein modell som inkluderer dagens bruk, og som sågar hevar kvaliteten på den eksisterande parken, samstundes som det gir plass til nye program. Framtidige behov for næringsareal med ein grøn profil, er eit sjeldant og godt alternativ. Kommunestyre-parken vil kunne huse 2500 - 3000 kvm program, utan å dominere omgjevnaden.

Kyrkja sin posisjon og det grøne preget Naustdal har i dag, er viktig verdiar. Ved å styrke Tunavegen og RV611 som sentrumsgater, og auke parkeringskapasiteten i Sandenområdet, vil sentrum og fjordfronten knytast sterkare saman. Nye interessante aktivitetar og areal vil kunne gi dagens sentrumsfunksjonar ei vitamin-innsprøyting, samtidig som det vil vere attraktivt for nye som ønsker å finne ein stad å etablere seg.

Ein overlappande park- og sentrumsstruktur er sjeldan i Norge. Ein slik sentrumsstruktur, som både ville vere landskapsforming og sentrumsutvikling, ville vere heilt unik. Fritid og naudsynte ærend på same plass, det er noko både urbant og ruralt over ei slik løysing. Ei framtidig satsing vil skape mykje merksemd rundt seg, og kan gjerne utviklast i fleire trinn. Slik kan ein gradvis foreine dagens og framtidas bruk i eit identitetsskapande prosjekt.

Muligheitsstudium for utvikling av Kommunestyreparken:

Utbygging i tillknyting til eksisterande næringsverksemd

Utbygging i begge endar - sentralt, nedsenka parkareal

Gatediagonal sentralt og henvendelsar mot alle tilstøtande gater.
Heile parken hevast, med god tilgjengelegheit frå alle sider.

GARDSBØEN OG NAUSTA

Invitasjon

Grunna arkeologiske funn og planlagd gravlund, kan det vere vanskeleg å bygge ut på Gardsbøen - mellom kyrkja, RV5 og dei nye omsorgsboligane. Overflateaktivitet som grøntdrag og parkering vil lettare kunne realiserast, i tillegg til kunnskapsfremmande utbygging i samband med forvaltning av fornminner og landskapsvern.

Ved å etablere ein attraksjon i eit knutepunkt, tilknytta gode parkeringsmuligheter, og med attraktive gangvegar i umiddelbar nærleik, vil ein kunne skape ein interessant friksjon for tilreisande og forbipasserande.

Eit slikt punkt ville kunne innha eksempelvis eit arkeologisk senter med fokus på alle dei spennande funna som er gjort i Naustdal, servicefunksjonar tilknytta kyrkjelyden og gravlunden, informasjons- og utsynspaviljong tilknytta landskapsvern, samt parkfasilitetar som ville vere gunstige både i tilknyting til eksisterande gangveg og dei nye omsorgsboligane.

Slik kan ein samle trådane - gjere tilgjengelege og binde saman, og vidareutvikle viktige, positive kvalitetar.

Knutepunkt - parkeringsmulighet - ganglinjer



Frå paviljongen på Gardsbøen ville ein kunne få eit flott utsyn mot elverommet, ein ville få kontakt med elvestien og Grønøyra, og kunne bevege seg frå nede under jorda - frå fortida - og opp i notida.

TILBAKEMELDINGAR

SETT UT NÅLER ETTER FØLGANDE FARGAR:

- …dette er min favorittplass …
- …denne plassen likar eg i dag, men den kan utviklast endå meir …
- …denne plassen ligg litt gøymd, men kan bli veldig bra …